


KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 2

April 1987

41. årg.



Henrik Straumsheim:

VIA DOLOROSA

Trøytt og sår og sunderslegen
gjekk du lydig lidingsvegen,
spaklynd, som profeten så,
gjennom hat som brann og osa,
gjekk du Via Dolorosa
roleg fram til Golgata.

Angestnetter, pinsledagar
nådelaut dei åt deg lagar,
klungerkrone, svepeslag.
Men av låke lidings-stunder
rann eit herleg livsens under
strålebjart på påskedag.

Einsleg midt i folkemugen
gjekk du audmjuk, sterk og trugen
fram til krossen steg for steg.
Vegen ifrå oljehagen,
vegen fram til påskedagen
vart ein einsam veg for deg.

Angestnetter, pinsledagar
livet for oss alle lagar,
Herre, hald oss då med lag.
Kvite Krist, du må oss losa
gjennom Via Dolorosa
fram til livsnes påskedag.

Frå samlinga:
Ro stillt langsmed landet

påske

Hugsar du påskeforteljinga? Det er forteljinga med alle detaljane. Om Peter som vart redd for ei tenestejente. Om Pilatus som vaska hendene framfor folket. Om Jesus som lova paradiset til ein røver.

Lat meg få koma med eit forslag: Finn fram nytestamentet og les til dømes kapitlane 22 til 24 hos Lukas. I min bibel er det til saman 6 sider.

*

Om du legg øyret inn til påskeforteljinga, kan du høyra Guds hjerteslag: For deg, for deg, for deg...

Større kjærleik finst ikkje, enn den som synte seg på krossen.

Det Jesus måtte lide der,
kan ingen heilt forstå.
Men at han leid for all mi synd,
det får eg lita på.

*

Det verste for Jesus var ikkje sjølve krossen og naglane. Heller ikkje dei hånlege tilropa. Det verste var å bera vekta av all menneskeleg skuld.

Ingen av oss likar å få skulda for noko vi ikkje har gjort. Men Jesus tok den børa på seg friviljug, for alle menneske. "Han som ikkje visste av synd, har Gud gjort til synd for oss, så vi skal verta rettferdige for Gud i han."

Ja, sone alle våre brot,
det kunne berre han.
Og einast han kan låse opp
ein port til livsens land.

*

Alle menneske treng ein stad å høyra til. Dette er gåva til dei som vender om frå sitt eige, sjølvstyrte liv og lar Jesus vera Herre. Dei får del i den djupaste tilhøyringa: Med den Gud som skapte oss.

Vi får det gratis. Fordi Jesus betalte prisen.
Kor mykje Jesus elsker oss,
kan ingen heilt forstå.
Men eg vil alltid ha han kjær,
han vil eg lita på.

Kjell Arne Norum

- om gudstenesta (6)

Amen

Kvifor syng kyrkjelyden det eine vesle ordet "amen", slik som etter kollektbøna i den fyrste delen av gudstenesta? Kunne ikkje presten ha sagt det sjølv? Dersom ein ikkje fylgjer med, er ordet sunge før ein har fått reinsa stemma.

Men dette bittelille leddet er godt gjennomtrent. Gudstenesta er ikkje berre for presten. Når han ber ei bøn framme ved altaret, har han kyrkjelyden i ryggen. Når kyrkjelyden syng amen,

gjev dei si tilslutning til det som nettopp vart sagt.

I gamal tid vart ordet amen berre nytta i slike svar. Det vart altså ikkje nytta av den som sjølv las bøna.

Sjølve ordet amen tyder "ja, sannleg". Frå fyrst av vart det nytta som høglydt tilslutning når nokon lovprisa Gud.

Etter kvart vart det òg nytta etter vanleg bøn. Då fekk det tydinga "lat det verta såleis".

KANO

Velkomen attende, Victor !



Torsdagskveldane er det ungdomsklubb i Moseshuset på Dale. Ein mørk oktoberkveld fekk me plutselig besøk av Victor Smith. Han kjem frå Sierra Leone i Vest-Afrika. Han jobba i fabrikk og var med oss i Moseshuset kvar torsdag til slutten av februar. Han var flink til å syngja, spela piano og Uno. Det var lett å koma i kontakt med han, sjølv om me ikkje var så flinke i engelsk. Siste kvelden hadde me avskjedsfest, og Siri og Unni baka ei avskjedskake. Han måtte diverre reisa litt tidlegare enn planlagt, men me håpar at han kjem tilbake.

Helsing alle i klubben

Vi noterer oss

Allment skriftemål

Det vert høve til å ta del i allment skriftemål ved tre gudstenester denne påska. Det går føre seg på den måten at vi tek del i ei felles skriftemålsbøn. På grunnlag av denne bøna tilseiest forlating for syndene med handspålegging framme ved altaret.

Skriftemålet tek til kl 10.30
Skirtorsdag i Dale kyrkje
Langfredag i Vaksdal kyrkje
2. påskedag i Stamnes kyrkje.

Lovsongskveld

Det vert lovsongskveld i Vaksdal kyrkje fredag 24. april. Desse kjem til å vera med:

Samnanger ungdomskor m/Svein Høysæter
Kjell Arne Norum
Fides
Stamnes ungdomskor

RITA

Du kan enno få kjøpt kassetten frå musikkspølet RITA. Den kostar 50 kr. og kan kjøpast hjå Nils Kåre Tolaas eller Einar Mjelde på Vaksdal, Reidun Laastad Dyvik på Stanghelle eller Trude Kallestad på Stamnes.

Prøveordning i søndagsskulen på Vaksdal

Fram til sommaren vil ein prøva med ei forsøksordning på søndagsskulen. Ein vil ta til kl.11.00 kvar søndag. Dei søndagane det ikkje er gudsteneste, vil opplegget vera som vi er vande med frå tidlegare. Men når det er gudsteneste, vil borna fyrst vera med inne i kyrkja. Når preika tek til, vil alle ungane gå ut i konfirmantromet, der det vert eit opplegg som er litt friare og høver betre for dei yngste.

Med dette håpar ein både å få litt fleire ungar i søndagsskulen og å gjera det lettare for småbornsforeldre å koma i kyrkja.

Lat oss håpa at dette vil vera med å gjera søndagen til kyrkjedag for både små og store!

Marit Sandal attende til Etiopia

Det nærmar seg no ny utreise for Marit Sandal. Ho skal attende til arbeidet sitt i Etiopia, der ho underviser på ein sjukepleierskule. Det er enno ikkje fastsett dato for utreisa, men det vert truleg i byrjinga av mai.

Misjonssambandet si forening på Stamnes vil arrangera eit misjonsmøte før Marit reiser. Så dei som vil vera med der for å seie farvel, må sjå godt etter nærare kunngjering på plakatar.

JOHN

George



John George er truleg kjent for dei fleste av oss. Han er fysioterapeut med praksis på Dale og sjukeheimen på Vaksdal. Og mange kan takke han for hjelp for stive armar og bein.

John kjem frå India, frå Kerala, ein delstat heilt i sør. Han har tatt utdanninga si i heimlandet, men det er vanskeleg å få jobb der. Han reiste difor til Noreg, både for å få ein godt betalt jobb og for å sjå eit anna land.

Det er høve til skulegang for alle i India, og i Kerala seier John at alle går på skule. Klaseskilet finst enno, sjølv om det offisielt er avskaffa. Og det lågaste lag i folket får støtte til skulegang og også reserverte plassar på universitetet. Men alle andre må betale for skulegangen sin, og ein må ha ei god utdanning for å få ein bra jobb. Difor vil John vera her i Noreg enno ei tid. Han vil sikra sine egne barn høve til ei god utdanning.

Kona hans og barna deira var her til 1984. Då reiste dei attende til India m.a. for at barna skulle få gå på skule der. -Det er jo indarar vi er, seier John.

Av omlag 800 mill. indarar er over 80% hinduar, omlag 10% muslimar og 7% kristne. Sjølv er John frå ein kristen familie, og han fortel at kristendomen kom til India alt i år 52 e. Kr. med disippelen Thomas. Han levde der i 30 år, og ein kan enno finna grava hans. Den kyrkja som John høyrer heime i, heiter Martoma-kyrkja, etter disippelen.

- Det er full trusfridom hos oss, seier John, sjølv om det jo finnast fanatikarar her som andre stader.

- Eg er strengt oppseda. Bestefar min, som var ein av leiarane i ei baptist-kyrkje, prega heimen vår. Han budde saman med min familie etter at bestemor mi døde. Då skulle det vera kyrkjegang og bibellesing om søndagane, ikkje leik og moro.

Vi spør korleis ein høgtider påske i heimlandet hans.

- Påskefeiringa er mykje som her. Alle i heile India har fri langfredag og 1. påskedag. Men elles er det vanlege arbeidsdagar. Mange kristne fastar gjennom heile fastetida (d.v.s. dei ikkje kjøt eller fisk), men det er ikkje eg van med. Og på langfredag et dei ikkje i det heile teki før etter at gudstenesta er over. Og gudstenesta denne dagen varar frå kl 10 til kl 17.

1. påskedag er det tidleg gudsteneste frå kl 03 til kl 06. Denne gudstenesta markerar slutten på fastetida, og når den er over, går folk heim til eit ekstra godt måltid.

Korleis opplever du den kristne kyrkja i Noreg?

- Det første inntrykket mitt var at det var så få folk i kyrkja. Og så var eg aldri viss på når det var gudsteneste. Eg var van med at det var gudsteneste kvar søndag. Så det tok lang tid, ja, fleire år før eg vart kjent med dei kristne her. Likeeins er eg van med strenge moralske reglar. I India har både hinduane, muslimane og dei kristne strenge etiske normar for sine liv. Her er det mykje friare, - kanhende for fritt.

Kva tykkjer du er positivt ved det landet du bur i no?

- Her er folk like og vert stilte likt. Ingen har unødig stor respekt for andre. Alle har nok og har gode levevilkår.

Men kanhende ein har det litt for godt her i landet. Vi har sosial og økonomisk tryggleik og kan lett koma til å gløyma Gud.

Eg leste ein gong i eit indisk blad: "Pengar kan kjøpe alt utan sanning. Du kan kjøpe ein billett til alle stader utan himmelen."

FRÅ KONFIRMANT-WEEKEND PÅ
FAGERTUN I FEBRUAR.
ER DET NOKON SOM KJENNER
SEG ATT?



VAKSDAL KYRKJELYDS FØRSKULE SYNG VED EI FAMILIEGUDSTENESTE



INTERRESSERTE TILSKODARAR TIL
KJELL ARNE NORUM SI BIBELUTSTILLING

No nærmar det seg mai og tida for konfirmasjonane her i prestegjeldet. I ei gamal oppbyggjeleg bok fann eg eit gulna avisutklipp med overskrifta:

TIL KONFIRMATIONEN

Fadervor

Hvor du end i verden gaar,
Hvem du end i følge faar,
Hvori end dit kald bestaar,
Bed hver dag dit Fadervor.

Ordet som fra læben gaar
Genlyd i dit hjerte faar.
Gud sin arm om sjælen slaar,
Aldrig bedre ven du faar.

Hvis i tunge savn du gaar,
Hvis en hjertesorg du faar,
Ja omend du synd begaar,
Bed kun, tro dit Fadervor.

Engang naar din time slaar
Og din sidste kraft forgaar,
Dypt fra sjælen bønnen gaar
Op til Gud i Fadervor.

Over Jesu dybe saar
Trøstig du til himlen gaar,
Evihten visst bestaar
I et herlig Fadervor.

FORBØNNENS SEKS VELSIGNELSER

1. Når vi ber for andre, tenker vi på Gud, og det er alltid godt.
2. Når vi ber for andre, tenker vi på andre og vil dem vel. Det er i seg selv en velsignelse.
3. Når vi ber for andre, adlyder vi Jesu ord og befaling og sier ja til et liv i Guds nærhet. Ikke noe er bedre enn det.
4. Når vi ber for andre, blir vi selv annerledes.
5. Når vi ber for andre, blir de annerledes, og deres situasjon en annen.
6. Når vi ber for andre, utfører vi det viktigste arbeid i Guds rike, med de rikeste frukter.

Biskop Sigurd Lunde



I VINTER HAR BÅDE 1. OG 4. KLASSE
PÅ VAKSDAL VORE I KYRKJA OG FÅTT
BØKER FRÅ KYRKJELYDEN



BARNESIDE

FRÅ SORG TIL GLEDE

Det var fælt for venene til Jesus å sjå at Jesus blei straffa som ein forbrytar. Så frykteleg det var at han som aldri hadde gjort noko gale, skulle dø på eit kors. Dei forstod ingenting, — var berre redde og fulle av sorg.


Hadde dei gløymt kva profetane hadde sagt om Jesus? Hadde dei også gløymt det som Jesus sjølv hadde fortalt dei om at han skulle dø og stå opp igjen? Ja, — det ser ut som dei hadde det. Men kor glade dei blir når det hender. Då først forstår dei at Jesus er Guds son. Og at han LEVER.

Påskedag — gleda sin dag! Ei glede som Jesus vann for deg og meg. Ei glede som alltid varer.

Matt 28, 1—10

Jesus — Kongen var levende igjen!

Løs kryssordet.



- Engelens drakt var som snø (v. 3).
- Kvinnene gikk for å se til (v. 1).
- En hadde rullet steinen til side (v. 2).
- Jesus skulle gå til (v. 7).
- Engelen sa: «Han er ikke (v. 6).
- De som holdt ble liggende som døde (v. 4).
- På tilbakeveien møtte kvinnene (v. 9).
- Jesus sa til dem: «..... ikke» v. 10).



Hei!

Kryssordet denne gongen er henta frå **STARTNØKKELEN** (bibelløseplan for barn). Som du ser er det på bokmål. Lykke til med oppgåva!

Så ynskjer eg alle ein riktig
GOD PÅSKE!

Helsing

Reidun Skurtveit

AIDS

For få år sidan hadde ingen høyrte om denne sjukdomen. No er han vel kjend, og epidemien spreier seg skremmande raskt.

To ting ligg meg på hjarta no.

For det fyrste: Både dei som er smitta med viruset og dei som har fått sjølve sjukdomen treng vår omsorg og kjærleik. Dei er våre medmenneske! Dei som får AIDS, får ikkje berre ein dødeleg sjukdom. Dei vil nok òg møta mykje frykt og fordøming. Kan hende dei vil kjenna seg utstøytte. Men vi som trur på Jesus, skal ikkje støyta dei bort! Lat oss hugsa at vi har ein herre og meister som tok seg av dei som

hadde det vanskeleg. Og enno gjev han tilgjeving frå Gud til dei som vender seg til han.

For det andre: Den enklaste måten å unngå sjukdomen på, er å fylgja Guds bod. Seksuelt samliv høyrer til innanfor ekteskapet mellom ein mann og ei kvinne. Om dette vert etterlevd, vil smitten stansa, og millionar av liv vil truleg verta sparte. Meir vanskeleg er det ikkje.

Gud gav oss ikkje boda for å gjera livet vanskeleg for oss. Tvert om: Vår gode far i himmelen veit kva vi treng, og kva som gagnar.

Kjell Arne Norum

SLEKTERS GANG

Døypte



DALE


- 15.03. Bjørn Thore Rongved
15.03. Even Grenasberg Gjerde

STAMNES

- 01.03. Rune Langhelle

VAKSDAL

- 28.02. Yvonne Kristine Skage Solheim



Avlidne



DALE


- 09.02. Albert Grøttå f.1902
10.02. Martin Mork f.1910
10.02. Marit Brekkhus f.1927
21.03. Sigvald Leiro f.1921

STAMNES

- 10.02. Knut Holme f.1904
16.02. Hans Solhaug f.1909
14.03. Ingeborg Flatekval f.1904

VAKSDAL

- 03.03. Knut Tørrisen f.1907



På kyrkjeveg



UTDRAG FRÅ ÅRSSTATISTIKKEN FOR KYRKJELYDANE FOR 1986

	Dale	Vaksdal	Eidsland	Stamnes	Bergsd.	Eksinged.	Nesheim
Antal gudst.	34	27	15	20	14	14	13
Deltakarar v/gudst	4080	2894	689	2133	800	570	705
Døypte	26	18	2	8	2	3	1
Vigsler	3	1	1	-	1	-	-
Nattverdggj. i krk.	390	497	97	470	101	121	123
Konfirmantar	24	17	5	12	2	-	4
Soknerådsmøte	12	14	sjå Stamnes	10	5	5	5
Ofringar	31.700	39.715	9.121	37.800	10.683	9.696	9.473

PREIKELISTE FOR VAKSDAL PRESTEGJELD 12.april - 21.juni 1987

M = spr. Meidell N = res.kap.Norum n = nattverd

	STANGHELLE	DALE	VAKSDAL	STAMNES	EIDSLAND	EKSINGEDAL	NESHEIM	BERGSDALEN
APRIL 12. Palmesundag				M.kl.19.00 n.			N.kl.11.00 Sports- Fam.gudst. andakt.	
16. Skirtorsdag		M.kl.11.00 n.			M.kl.17.00 n.			N.kl.11.00
17. Langfredag	N.kl.18.00		M.kl.11.00 Skriftemål,n.			N.kl.11.00 n.		
19. 1.Påskedag		M.kl.11.00	N.kl.11.00				Gudst. kl.11.00	Gudst. kl.12.00
20. 2.Påskedag				N.kl.11.00 Skriftemål,n.	M.kl.11.00 n.			
26. MAI 1.		M.kl.19.00	M.kl.11.00 n.					
3. MAI 3.		N.kl.11.00	M.kl.9.30					
10. MAI 10.		M.kl.11.00 KONF.	N.kl.11.00 KONF.				N.kl.16.00	
17. MAI 17.		N.kl.9.30	M.kl.9.30	N.kl.12.00	M.kl.12.30			
24. MAI 24.					N.kl.11.00 KONF.	M.kl.11.00 KONF.		
28. Helgetorsdag	V A S S B A K K E N - S T E M N A I S T A M N E S						M.og N.	
31. MAI 31.	M.kl.18.00 n.							N.kl.16.00 n.
JUNI 7. 1.Pinsedag		M.kl.11.00	N.kl.11.00					
8. 2.Pinsedag				M.kl.11.00 n.			N.kl.11.00 n.	
14. JUNI 14.					N.kl.11.00 n.	M.kl.11.00 n.		
21. JUNI 21.		N.kl.11.00 n.	M.kl.11.00 n.					

VELKOMEN TIL KYRKJE



12.april - Palmesundag

NESHEIM kl.11.00 Familiegudst. v/Norum.
Innsamling av fastebøsser.Offer til
Kirkens Nødhjelp.
STAMNES kl.19.00 v/sp.Meidell.Nattverd.
BERGSDALEN kl.13.00. Sportsandakt
v/sp.Meidell.

16.april - Skirtorsdag

DALE kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.
kl.10.30 Skriftemål. Kyrkjeskyss.
BERGSDALEN kl.11.00 v/rk.Norum.Offer
til Kirkens Nødhjelp.Innsamling av
fastebøsser. Nattverd.
EIDSLAND kl.17.00 v/sp.Meidell.Nattverd.

17.april - Langfredag

VAKSDAL kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.
kl.10.30 Skriftemål.
EKSINGEDALEN kl.11.00 v/rk.Norum.Offer
til Kirkens Nødhjelp.Nattverd.
STANGHELLE kl.18.00 v/rk.Norum.

19.april - 1.Påskedag

DALE kl.11.00 v/sp.Meidell.Kyrkjeskyss.
VAKSDAL kl.11.00 v/rk.Norum.
NESHEIM kl.11.00 v/sp.Knut Hernes og
St.Markus' Ungdomsklubb.
BERGSDALEN kl.20.00 Lekmannsgudst.
v/ Birkeland Ungdomsklubb.

20.april - 2.Påskedag

STAMNES kl.11.00v/rk.Norum.Nattverd.
kl.10.30 Skriftemål.
EIDSLAND kl.11.00 v/sp.Meidell.

26.april - 1.sundag etter påske.

VAKSDAL kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.
DALE kl.19.00 v/sp.Meidell.

1.MAI

VAKSDAL kl.9.30 v/sp.Meidell.
DALE kl.11.00 v/rk.Norum.

3.mai - 2.sundag etter påske.

DALE kl.11.00 Konfirmantgudsteneste
v/sp.Meidell.Kyrkjeskyss.
VAKSDAL kl.11.00 Konfirmantgudsteneste
v/rk.Norum.
NESHEIM kl.16.00 v/rk.Norum.Offer til
Menighetsfakultetet.

10.mai - 3.sundag etter påske

STAMNES kl.11.00 Konfirmantgudsteneste
v/rk.Norum.
BERGSDALEN kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.
Offer til Norges Samemisjon,Fagertun.
EKSINGEDALEN kl.16.00 v/sp.Meidell.Nattverd.

17.MAI -Grunnlovsdagen.

DALE kl.9.30 v/rk.Norum.
VAKSDAL kl.9.30 v/sp.Meidell.
STAMNES kl.12.00 v/rk,Norum.
EIDSLAND kl.12.30 v/sp.Meidell.

24.mai - 5.sundag etter påske.

EIDSLAND kl.11.00 Konfirmantgudsteneste
v/rk.Norum.
EKSINGEDALEN kl.11.00 Konfirmantgudsteneste
v/sp.Meidell.

28.Mai - Helgetorsdag.

Vassbakkenstemna i Stamnes kl.11.00
for heile prestegjeldet.Meidell og Norum.

AAN rådgjeving for gravide

Dei som går med born og er i ein vanskeleg situasjon, kan no få hjelp ved eit nystarta kontor i Bergen. AAN tyder "Alternativ til abort, Norge." Dei gjev rådgjeving og praktisk hjelp. Adressa er Strandgaten 6. Telefon 32 56 77

Har du bil?

Ta andre med deg
når du køyrer til
kyrkje!!!



KIRKENS SOS

Er du i en vanskelig
situasjon og har behov
for noen å snakke med?
Ring 23 30 80. Åpent hver dag fra
kl. 19.00 til 07.00



SLÅ PÅ TRÅDEN
eller send meg nokre ord om du har
stoff til neste nummer.
Frist for innlevering av stoff
er 9. mai.

Tove Margrete

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:
Inge Christian Meidell
tlf. 59 61 20

Res. kap.:
Kjell Arne Norum
tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin
friday!
Kontorassistenten kan treffast
på kontoret på Dale måndagar
kl 10-13, tlf. 59 61 20

Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 50.- (eller meir)

Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 01

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 32

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. 05 - 55 50 45

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese